

Notat om budsjett

Overgang frå brutto til netto

Budsjettet 2023-2027 visast på ein anna måte enn før. Det kan sjå ut til at inntektene og utgiftene er gått ned med omkring ein million kroner kvar. Det er ikkje fordi økonomien har krympa, men fordi vi viser det annleis.

Fleire poster som før var oppgitt *brutto* er no vist *netto* i staden. Eit døme på dette er at Vestland SV i framlegget til budsjett betalar kr 144 000 i kontorleige, sjølv om total leigekostnad er på kr 320 000. *Bruttokostnaden* for kontorleiga er altså kr 320 000. Kontorkostnadar fordelast 45/45/10 prosent mellom partane Vestland SV, Bergen SV og Vestland SU. For fylkeslaget er difor den *reelle*, eller *nettokostnaden* kr 144 000.

Sjølv om det gjerast refusjonar, er postane «fylkesårsmøte», «nominasjonsmøte» og «personalkostnader» framleis ført brutto i framlegget til budsjett. Dette er for å gjere det tydeleg kva som skal betalast av andre partar, til dømes i form av eigenandel frå lokallaga for tildelte delegatar til årsmøte- eller nominasjonsmøte. Merk at summen på «lønnskostnader Bergen SV» er eit estimat, men ikkje vil vere klårt før ein reforhandla avtale er laga mellom partane Vestland SV og Bergen SV.

Overordna bilete

Det overordna biletet er at fylkeslaget har ein god økonomi, og skal ha god aktivitet dei neste fire åra. Postane «offentleg støtte» og «partiskatt» er forsøkt berekna med årleg vekst på 5 % kvar. På postane «medlemskontingent» og «autogiro-gåver» har vi skissert ein vekst, men dette krev innsats med verving av medlemmer og gjevarar.

På kostnadssida har vi skissert kostnadsauke på 5 % for dei faste kontorutgiftene, og kostnadsauke på personalkostnader. Tala for auka personalkostnader kjem frå partiet sentralt, som er formell arbeidsgjevar.¹

Fylkesstyret skisserer at fylkesårsmøtet i 2026 haldast utanfor Bergen, og at dette gjer ein meirkostnad. Vi skisserer også at nominasjonsmøtet til fylkestingsvalet 2027 haldast i samband med fylkesårsmøtet 2027.

Vi legg til grunn eit lite, positivt økonomisk resultat for fireårsperioden. Dette er stramt, og gjer i utgangspunktet lite fleksibilitet til å handtere uventa kostnader. På den andre sida budsjetter vi ikkje med store hypotetiske inntekter, og vil vonleg treffe godt elles.

Det vil jamvel vere naudsynt å gjere justeringar årleg, med sikte på at det overordna resultatet for fireårsperioden skal vere forsvarleg.

¹ Fylkeslaget og partiet sentralt skal i vår reforhandle kostnadsfordelinga for dei tilsette. Sentralt dekker i dag halve kostnaden for den eine stillinga. Estimatet forutsett at dagens ordning vidareførast. Vi tek atterhald om at dette kan endrast, og at det kan få verknad for vidare revideringar av fireårsbudsjettet.